


Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

Statssekretær Kjetil Lund
0030 OSLO



Arkivsak: 11/651-2 / Journalpost: 11/3899
Arkivkode: 232
Avd/Saksh: TPG
Dykkar ref:

DALE 20.06.2011

VAKSDAL KOMMUNE SIN HØYRINGSUTTALE OM MAKSIMUMSVERDI FOR EIENDOMSSKATT PÅ KRAFTVERK

Vaksdal kommune viser til Finansdepartementet sitt høyringsnotat dagsett 15 april 2011, der det vert varsla endringar i maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatt på kraftverk. jf. Eigedomsskattelova (eskl) § 8 fjerde ledd, og vil gje følgjande høyringsuttale:

Kommunestyret slutta seg til høyringsuttalen i møte 20.06.2011.

**Kraftkommunane får ikkje del i verdiauken av
kraftproduksjonen.**

Verdien av vasskraftsproduksjonen veks med auka produksjon og auka straumprisar.

Dei store kraftselskapa har difor hatt ein formidabel inntektsvekst frå tusenårsskiftet til i dag. *Eigarane* er hovudsakleg Statkraft og dei store bykommunane. I BKK-området har også dei noko mindre kystkommunane vesentlege eigarinteressar i kraftproduksjonen.

Vertskommunane har historisk sett fått sin del av desse verdiane m.a. i form av konsesjonskraft og eigedomsskatt frå produksjonsanlegga. Desse inntektene kan sjåast som ein kompensasjon for å avstå natur og ein pris kraftselskapa betaler for å nytta dei lokale vassressursane. Dette har vore og er framleis vesentlege inntekter. Inntekter som kjem godt med i kommunebudsjetta, særleg med tanke på at 77% av vertskommunane er minsteinntektskommunar.



Verdien av konsesjonskrafta er avhengig av kva for pris vertskommunen får i marknaden.

Utrekninga av eigedomsskatten for kraftanlegg vart i 1997 lagd om for meir å avspeгла marknadsverdien. Såleis skulle vertskommunane få eit utkome som stod i forhold til produksjon og spotpris. Eksakt eigedomsskatt for kraftanlegg skal reknast ut etter gjennomsnittet av produksjon og pris – gjennom dei til ei kvar tid fem føregåande åra.

I 2000 vart det innført ein såkalla minimumsverdi for utrekning av eigedomsskatt for kraftanlegg. Marknadsverdien skal leggjast til grunn for å fastsetja skattetaksten, men ikkje dersom taksten fell under kr. 0,95 pr. kWt. Dette medførte eit visst tap for kraftselskapa.

I 2003 fekk kraftselskapa gjennomslag for innføring også av ein maksimumsverdi. Dette for at dei skulle få tilbake noko av det dei tapte grunna minimumsverdien. Maksimumsverdien for eigedomsskattlegging vart i 2003 sett til kr. 2,35 pr. kWt..

M.a.o. såg ein for seg at verdien kunne variera noko. Minimums- og maksimumsverdien skulle sikra føreseielege produksjonsvilkår samstundes som at ikkje botn fall ut av økonomien i vertskommunane. Kraftselskapa skulle få tilbakebetalt det dei hadde betalt for mykje når taksten skulle vore sett under kr. 0,95 pr. kWt.

No har kraftprisane løpt frå både minimums- og maksimumsverdi. Kraftselskapa har for lengst fått tilbakebetalt det dei måtte ha tapt. Eigedomsskatt på kraftanlegg er i ferd med å verta ein fast avgift rekna ut i frå ein takst på kr. 2,35 pr. kWt. Den reelle verdien er vesentleg høgare enn dette. Maksimumsverdien er ei form for skatterabatt som dei store kraftprodusentane får. (Småkraftprodusentar får ikkje slik rabatt. Heller ikkje ilandføringsanlegg for olje får slik skatterabatt.)

Dette har ført til formidable overskot hjå kraftselskapa som har betalt ut kjempestore utbytte til eigarane sin. Kraftprisane vil framleis auke. Skal vertskommunane få del i framtidig verdiauke må minimums- og maksimumsveridane fjernast.

For Vaksdal kommune sitt vedkomande utgjør skatterabatten BKK får kr. 9,3 mill.

Vaksdal kommune sluttar seg fullt ut til LVK (Landssammenslutninga for Vasskraftkommunar) sin høyringsuttale, og viser for så vidt til denne.

Vaksdal kommune vil likevel særleg gjere merksam på følgjande:

1. I høyringsbrevet kjem det ikkje fram viktige historiske omstende:

- Ordninga var meint å vere mellombels
- Stortinget meinte aldri å gå bort i frå grunnleggjande prinsipp om egedomen sin reelle omsetningsverdi : *”Etter Regjeringens syn er det likevel viktig at kraftverkene i hovedsak blir beskattet etter de ordinære verdsettelsesreglene for kraftproduksjonsanlegg, og dette vil være tilfelle med regjeringens forslag”*
- Eigedomsskatteobjekt elles vert eigedomsbeskatta etter den reelle omsetningsverdien. Det synast vere ei samanblanding av eigarrolla og regulatorrolla på staten si side, noko kommunane elles vert advara mot. Reglane for eigedomsskatt på kraftanlegg må utformast som for andre kraftanlegg
- Stortinget la til grunn at sjølv ved innføring av makstaket vil kraftkommunane samla sett kunne få vesentleg auka inntekter i perioder med stigande kraftprisar

2. Når det gjeld omtala av kommuneøkonomien vil Vaksdal kommune presisere at

Det er viktig å halde fram kommunen sine **faktiske inntekter**, ikkje berre verdien av konsesjonskraft slik høyringsbrevet legg opp til. Dei faktiske inntektene kan hentast ut frå KOSTRA. Vaksdal kommune har lagt ved dei utvalde nøkkeltala i nivå 1 i KOSTRA for 2010. Når det gjeld inntekter av konsesjonskraft var det ein nedgang for kommunane frå 2009 – 2010 med 221 mill, jf. KOSTRA.

For Vaksdal kommune vart gevinsten ved sal av konsesjonskraft redusert frå 23,9 mill i 2009 til 12,1 mill i 2010. Naturressursskatten går til utjamning i inntektssystemet, og kan såleis ikkje leggjast til grunn som ein nettogevinst for vertskommunen. (Sjå meir om dei faktiske økonomiske tilhøva for Vaksdal kommune nedanfor)

Det er vidare misvisande å seie at vertskommunane sine inntekter har auka ”betydelig” når ein samanliknar med staten sin monalege inntektsauke.

Kraftbransjen sine rekordresultat er heller ikkje tilstrekkeleg belyst. Det er særleg viktig å halde fram med omsyn til dei monalege inntektsaukane som har funne stad dei siste åra. Og eit viktig moment i det totale økonomiske biletet som saka må vurderast ut i frå.

Det er dessutan viktig at nivået på kapitaliseringsrenta er bestemmande for provenyverknadene. Avvikling av min- og maksverdiene må difor bli vurdert saman med nivået på kapitaliseringsrenta.

Auka kapitaliseringsrente vil redusere eigedomsskattegrunnlaget og gje motsett verknad av å fjerne maksimumsverdien. Men held ein fram med makstaket, samstundes som at kapitaliseringsrenta vert auka, kan dette leie til reduserte eigedomsskatteinntekter.

Det er avgjerande at dei samla verknadene ved fjerning av maksverdien og fjerning av renta vert sett i samanheng. Dette er ikkje omtalt i høyringsbrevet etter det me kan sjå.

Meir om dei faktiske økonomiske tilhøva for Vaksdal kommune

Kommunen har følgjande inntekter frå kraftverk, tal frå 2010.

- Eigarinntekter/utbytte BKK – 4,8 mill. kr, av dette ekstraordinært utbytte kr 1.850.000.
- Konesjonskraftgevinst i 2010 vart 12,1 mill. kr, nedgang frå 2009 då vi fekk kr 23,9 mill. i gevinst
- Naturressursskatt kr 15,2 mill., som går inn i skattegrunnlaget for kommunen og med i grunnlaget for rammeoverføring. Mindre overføring.
- Eigedomsskatt kraftverk 2010, ca 22,2 mill. kr.
- Konesjonsavgifter 2010 ca. kr 3,1 mill.

Vaksdal høyrer til gruppe 3 i KOSTRA inndelinga:

	Årsrekn 2009	Årsrekn 2010
SKATT PÅ INNTEKT OG FORMUE	-84 198,4	-89 849 487,0
STATL. RAMMETILSKOT/ANDRE GEN. STATSTILS	-85 542,8	-88 331 559,0
Totalt	-169 741,2	-178 181 046,0

Frie inntekter ca. kr 43.000 pr innbyggjar i 2010.

Den økonomiske situasjonen i Vaksdal kommune:

Vaksdal kommune Rådmannen sin stab

Konsul Jebsensgt. 16, 5722 DALEKVAM, Telefon 56594400, Telefaks 56594401, Telefon saksh. 56594480
www.vaksdal.kommune.no, e-post: post@vaksdal.kommune.no

Vaksdal kommune bruker alle sine frie inntekter i den løpande drifta. Kommunen har grunna redusert gevinst på konsesjonskraft siste åra fått ei ekstra utfordring med å dekke drifta. Reduksjonen i inntekter frå sal av konsesjonskraft frå 23,9 mill til 12,1 mill i åra 2009 – 2010 har leia til krevjande omstillingar og innsparingar i drifta.

Driftsnivået vert framleis rekna for høgt, og situasjonen er såleis framleis krevjande.

Det er peika på at ein større del av variable inntekter som konsesjonskraftgevinst bør setjast av til investeringar.

Verdiauke på aksjar/obligasjonar og premieavvik har likevel bidrege til at vi har gått med overskot på botnlinja, mens sjølve drifta går med underskot.

Kommunen har eit gjeldsnivå som ligg like under fylkes- og landsgjennomsnittet, men det er planlagt lånefinansierte investeringar i økonomiplanperioden og gjeldsauken vil svekke resultata isolert sett.

Kommunen har siste året utvida eigedomsskatteområdet for alle eigedomar til å gjelde heile kommunen. Ny alminneleg taksering vart gjennomført og nye skattetakstar vart lagt til grunn ved utskriving av eigedomsskatt. Generell skattesats er 7 promille med unntak av bustader og fritidseigedomar som har 2,5 promille. Samla inntekt frå eigedomsskatt i 2010 er vel 30,4 mill.

Kommunen sitt skattenivå i 2010 var 91,9 % av landsgjennomsnittet mot 90,6 % i 2009. I rammeoverføringa til kommunane er det ei symmetrisk inntektsutjamning.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og rammeoverføring.

3. Avslutningsvis vil Vaksdal kommune understreke at:

- Den opphavlege grunngjevinga for ordninga er ikkje lenger til stades, kraftprisane er no marknadsbasert
- Maksimumsverdi har konkurransevidande verknader ved at dei mest lønssame kraftverka får den største skatterabatten, medan det ikkje er maksimumsverdi på småkraft, vindkraft, bioanlegg m.v
- Maksimumsverdi leiar til at eigedomsskatt er blitt ein avgift som er uavhengig av kor lønsam verksemda er, noko som er i strid med Stortinget sitt føremål med kraftskattereforma
- Maksimumsverdi avskjærar vertskommunane sin rett til ein andel av framtidig verdiskapning
- Maksimumsverdi vil ikkje vera eit insentiv for kommunar sin tilslutning til ny vasskraftutbygging
- Maksimumsverdi vil heller ikkje vera eit insentiv for utbygging av øvrig ny fornybar energi, som følgje av konkurransevidinga
- Departementet sitt langsiktige provenyanslag ved innføringa av maksimumsverdien i 2003 var feil, sjå for øvrig høyringsuttale frå LVK

Med helsing


Trine P. Grønbech
Rådmann

Kopi til:
Landssamanslutninga av vasskraftkommunar Advokatfirmaet Hjort DA 0105 OSLO